

Til Hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylkeskommune

## **Oppmoding om å gjenoppretta tilskotsordning til fordeling av investeringsmidlar til kulturbygg med regional funksjon**

Hordaland fylkeskommune hadde frå 2010–2019 ein eigen budsjettpost med midlar til kulturbygg og herunder museum med regional funksjon. Dette var gode «matchemidlar» til den statlege ordninga under Kulturdepartementet kapittel 322, post 70 Nasjonale kulturbygg. Hordaland fylkeskommune hadde dei første åra ca 17 millionar kr til fordeling som minka til ca 5 millionar kr dei siste åra. Ordninga vart diverre ikkje vidareført med midlar i 2020.

Fleire av musea i Hordaland har fått tildelingar frå denne budsjettposten, mellom desse Hardanger og Voss museum med tiltaket «Tett på» med kulturbygget, «Kulturnaustet», ved avdeling Hardanger fartøyvernssenter. Tildelinga vår var på kr 700 000 i 2017. Hardanger fartøyvernssenter manglar eit høveleg publikumsbygg og har frå 2017 søkt om å byggja om eit tidlegare næringsbygg som er museet sin eigedom. Dette vil rasjonalisera drifta og sterkt betra forhold både for publikum og tilsette.

Musea søker parallelt til staten som kan gje inntil 1/3 av totalsum. Prosessen i staten er som kjent at Norsk kulturråd vurderer tiltaket og søknaden. Dei gjev si vurdering til Kulturdepartementet som igjen prioriterer mellom søknadane. HVM har fått vurdert og godkjent tiltaket «Tett på» under kriteria for tildeling frå ordninga Nasjonale kulturbygg. HVM har søkt staten om tildelingar sidan 2017, også i år. Søknaden er på 33 millionar av 100 millionar. HVM har skaffa ca 35 millionar kroner i skrivande stund. Det er søkt fylkeskommunen om 10 millionar kroner i år.

Nokre av musea i Vestland har alt fått midlar frå den statlege ordninga. utfordringa er då å fullfinansiera tiltaket i tillegg til eigeninnsats med midlar frå kommune, private (bankar, fond og stiftelsar med allmenntilgjengelig formål) og å halda på midlane over tid frå dei ulike instansane. Det trengst etter vårt syn at fylkeskommunen framleis har midlar til å leggja i «potten» når staten og andre gjev løyvingar til musea og andre utover tippemiddelordninga som enno er for knapp.

Desse ekstramidlane medan ein arbeider med å få endra fordelingsnøkkel for

tippemiddelordninga, vil visa fylkeskommunen sin medverknad til finansiering av regionale kulturbygg og vil styrka desse tiltaka med utløyising av midlar frå andre og.

I år er søkjarane til kulturbygg med regional funksjon diverre innstilt på kr 0 (jf. budsjettsak til møtet i KULI den 25.11.20 med oversyn over alle søknader sendt innan fristen den 20. oktober).

Når det gjeld fordeling av tippemidlar er det som kjent gjort vedtak om at 64 % av midlane skal gå til idrettsformål og 18 % til kulturformål. Det var fram til 2011 ei fordeling på 50:50 mellom idrett og kultur. Det er bra at Vestland fylkeskommune no har tatt opp saka med staten etter at saka var oppe i fylkesutvalet den 18.06.20 med vedtak om å senda inn fråsegn om kulturbygg til Kulturministeren og Familie- og kulturkomiteen på Stortinget.

Dei halvoffentlege musea vart oppretta på 1970-talet med ei finansieringsordning til drift. Mange av administrasjons- og museumsbygga i fylket er nettopp frå 1970- og 1980-talet. Ordninga vart oppretta parallelt med tilskottsordninga til dei vidaregåande skulane. Heldigvis er mange av dei vidaregåande skulane i Vestland for ein stor del oppgraderte eller har fått flotte nybygg. Det er bra. Musea i fylket som er viktige regionale og nokre også kulturarenaer med nasjonal funksjon. Musea slit framleis med bygg som ikkje er oppgraderte og med etterslep på vedlikehald. Dette er tatt opp av fleire av musea i felles rapportar og i mediaoppslag der og fylkeskulturdirektøren er intervjuet og påpeiker etterslepet. Vår erfaring er at det er svært vanskeleg å skaffa midlar til fullfinansiering og oppgradering av museumsbygga i Vestland. Ei slik ordning med egne fylkeskommunale midlar som vi hadde frå 2010–2019, vil vera svært viktig for å få til denne nødvendige oppgraderinga og løftet av dei etter kvart nesten 50 år gamle museumsbygga i fylket vårt.

Vi viser elles til interessant artikkel i Museumsnytt, sjå

<https://museumsnytt.no/928-millioner-pa-vent/>

Norheimsund den 23.11.20

Åsmund Kristiansen

Hardanger og Voss museum

*Konstituert direktør*

Randi Bårtvedt

Hardanger og Voss museum

*Spesialrådgjevar*